



Og Arkitekter AS  
Kanalveien 11  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2103 - 18/26762

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
03.09.2018

## Førebels svar på søknad om rammeløyve for oppføring av naust - gbnr 81/39 Risøy

Tiltak: Naust  
Byggjestad: Gbnr: 81/39 Revatangane 57  
Tiltakshavar: Øyvind Wie Pedersen  
Ansvarleg søkjar: Og Arkitekter AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.07.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har gjennomgått søknaden og har følgjande merknader:

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i planen er avsett til byggjeområde for naust. I byggjeområda er det eit krav om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak kan godkjennast, jf føresegn 3.1.

Det er under utarbeiding reguleringsplan for området, jf reguleringsplan for Risøy Hyttefelt med arealplanID 1263-201604. Planen var til 2. gangs handsaming i Plan- og miljøutvalet 29.08.2018 og det er forventa at planen vert endeleg godkjend i løpet av hausten.

#### Situasjonskart

Situasjonskartet må målsetjast med ytre hovudmål og avstand til eksisterande bygg.

#### Vegrett

Det må gjerast greie for vegrett fram til naust.

### Førebels vurdering

Lindås kommune vurderer at det er uheldig å godkjenna nye tiltak innanfor området som er omfatta av reguleringsplanen som no er under arbeid. Plankravet står sterkt og planarbeidet er i slutfasen.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Kommunen kan ikkje sjå at det er særlege grunnar for å gje unntak frå plankravet for omsøkte naust og søknaden vil bli avslått.

Vi gjer merksam på at kommunen vil fakturera fulle gebyr også for avslag. De vil difor få moglegheit til å trekka søknaden. Dersom vi ikkje høyrer noko innan 14. september vil søknaden verta tatt til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Øyvind Wie Pedersen

Myrdalskogen 427 5117

ULSET

### **Mottakarar:**

Og Arkitekter AS

Kanalveien 11 5068

BERGEN